

SOGNDAL ELDRERÅD

Referat etter møte i Sogndal eldreråd



Stad: Sogndal Velferdssenter

Tid : Onsdag 25.januar 2011

Desse møtte: Arne Bjelde, Edith Flatland, Arnor Mannsverk, Reidun Øygard Sørensen, Hans Haugen.

Forfall frå: Eline Orheim

Sak 01/12 : Godkjenning av innkalling og referat frå møte 16.11.2011

- Innkalling og referat vart samrøystes godkjent.

Sak 02/12: Val av leiar og nestleiar

- Leiar: Arne Bjelde – attval.
- Nestleiar: Reidun Øygard Sørensen – attval.

Sak 03/12 : Innkome skriv og meldingar

- Eldrerådskurs i Vestfold i mars`12.
- Eldrerådskurs på Skei i Jølster i februar`12
- Skriv frå Mediakompaniet UB om datakurs for eldre.

Sak 04/12 : Regionsmøtet 2012

- Arne Bjelde og Arnor Mannsverk fekk i oppdrag å undersøkje kva Idrettssenteret og Sogndal fotball kan tilby av program til samlinga i mai månad. Dei vil og sjekke ut om Sogndal Hotell kan ta på seg arrangementet.

Sak 05/12 : Husleige eldrebustad/omsorgsbustad

- Eldrerådet vedtok å sende skriv til Sogndal kommune om husleigeauken.

Sak 06/12: Trimrom Leighota 3

- Eldrerådet hadde fått melding om at det var blitt ordna.



Sak 07/12: Ymse

- Verknadane av stormen Dagmar i Fjærland og Sogndal på eldreomsorga. Eldrerådet gjorde vedtak om å sende skriv til kommunen om denne saka.

Me avslutta med gode rundstykke, kaffi og hellekaker.

Sogndal 28.januar 2012.

Arne Bjelde
Ref.

Kopi til : Sogndal kommune v/ordfører, Sogndal pensjonistlag v/Karen Dalaker , Rådet for funksjonshemma, Sogn Avis og Fylkesrådet for eldre v/Britt Marie Norheim.

